

Til
Evje og Hornnes kommune

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no
poststord@abo-ark.no

Avdeling Os
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 906 61 631

Dato: 11.11.2024
Vår ref.: 202153000

Detaljregulering for Syrtveit fiskeanlegg, gnr./bnr. 57/11 m.fl., Evje og Hornnes kommune

- Tinging av oppstartsmøte og planinitiativ

Reguleringsplan for Syrtveit fiskeanlegg vart vedtatt av Evje og Hornnes kommune 16.11.2023. Vedtaket vart påklaga av Troll Aktiv AS, og klagen vart oversendt Statsforvaltaren i Agder, då kommunen ikkje tok klagen til følge. Statsforvaltaren i Agder behandla klagen i vedtak av 29.08.2024. Det vart vurdert at saken utløyste krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutredning (KU-forskriften) §§ 8, jf. 10, og at dette var ein sakshandsamsingfeil som medførte ugyldigheit. Kommunen sitt planvedtak vart difor oppheva.

Det vart gjennomført møte mellom tiltakshavar, Evje og Hornnes kommune, og Statsforvaltaren i Agder 18.10.24 for å diskutere vegen vidare med planarbeidet. Det vart her einigheit om at ein må starte planprosessen på nytt, med planinitiativ og oppstartsmøte. Den allereie utarbeidde reguleringsplanen vil vera utgangspunktet for ny planprosess, og for nokre tema vil det difor vera relativt detaljerte skildringar i planinitiativet.

Det er ønskje om å utarbeide detaljregulering for eit næringsareal på Syrtveit. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for produksjon av fiskearten «Bleke». Me ønskjer med dette å tinge oppstartsmøte. I samband med tinging av oppstartsmøtet er det utarbeidd eit notat for å svare opp krav i forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova.

Tiltakshavar for planarbeidet, Fyri Fish AS, har inngått avtale om dagens anlegg og tomt med grunneigar av eigedom gnr. 57/11 (Otteraaens Brugseierforening/Å Energi Vannkraft AS) om kjøp. Initiativet til planarbeidet er såleis i forståing med dagens grunneigar. Forslag til planområdet inkluderer også gnr. 600/39 som inkluderer Rv9 (Statens vegvesen) for å kunne regulere avkøyring til næringsområdet, samt gnr. 57/10, nord for 57/11, for å regulere grønt område og allmenn tilgjenge.

Tiltakshavar: Fyri Fish AS Adresse: Gravane 12, 4610 Kristiansand S Organisasjonsnummer: 928 994 058	Dagleg leiar: Atle Nuland Kristoffersen Tlf.: 476 61 653. E-post: atle@baring.no Prosjektleder: Kjell Arne Møklebust Tlf.: 971 20 738. E-post: kam@baring.no
Plankonsulent ABO Plan & Arkitektur Stord AS Adresse: Torgbakken 9, 5401 Stord Organisasjonsnummer: 917495637	Prosjektleder: Sarah Fagertun Eggereide Tlf.: 483 42 201. E-post: sarah@abo-ark.no

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur Stord
Sarah Fagertun Eggereide

Planinitiativ

PLANINITIATIV	2
1.1 BOKSTAV A) FØREMÅL MED PLANEN.....	2
1.2 BOKSTAV B) PLANOMRÅDET	3
1.3 BOKSTAV C & D) PLANLAGT BEBYGGELSE, ANLEGG OG ANDRE TILTAK, SAMT UTBYGGINGSVOLUM OG BYGGEHØGDER	4
1.4 BOKSTAV E & F) FUNKSJONELL OG MILJØMESSIG KVALITET, SAMT TILTAKET SIN VERKNAD PÅ OG TILPASSING TIL LANDSKAP	5
1.5 BOKSTAV G) FORHOLDET TIL KOMMUNEPLAN ETC.	9
1.6 BOKSTAV H) VESENTLEGE INTERESSER.....	11
1.7 BOKSTAV I) SAMFUNNSTRYGGLEIK, ROS	11
1.8 BOKSTAV J) KVA OFFENTLEGE ORGAN OG ANDRE INTERESSERTE SOM SKAL VARSLAST VED OPPSTART	12
1.9 BOKSTAV K) PROSESSAR FOR SAMARBEID OG MEDVERKNAD	12
1.10 BOKSTAV L) VURDERING AV OM PLANEN ER OMFATTA AV FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREING.....	12

1.1 Bokstav A) Føremål med planen

Å Energi og Otteraaens Brukseierforening har gjennom fleire år hatt krav om å kultivera lokale fiskestammer, *Salmo salar* og *Salmo trutta* (bleke og aure) for utsetting i vassdraget. Bleke er ein ferskvassdrag-stasjonær laks, *Salmo salar*, som vart innestengt i Otravassdraget, inkludert Byglandsfjorden, ved siste istid (6-10.000 år sidan). Kultiveringsarbeidet har vore vellukka og bestanden av Bleke har teke seg opp. Det er på bakgrunn av dette søkt om å avslutte kultiveringsarbeidet og Fyri Fish AS har inngått avtale om å overta anlegget på Syrtveit. Fyri Fish AS ønskjer å utvikle området for å kunne produsere settefisk, og etter kvart matfisk, noko som inneber bygging av nye produksjonslokale på området. Ein ønskjer samstundes å legge til rette for å ta opp igjen kultiveringsarbeidet dersom det vert naudsynt. Eksisterande infrastruktur knytt til vassinntak og utsepp er planlagt vidareført som i dag.

Det er søkt om konsesjon for settefisk/klekkeri og stamfisk for området. Desse søknadane er under handsaming. Det er p.t. midlertidig stans i høve til å søke om nye løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogaure på land. Det vil verte søkt om matfiskkonsesjon for anlegget, når det er opna igjen for slike søknadar.

Kultiveringsanlegget, Syrtveit fiskeanlegg, er lokalisert på eit område regulert i gjeldande kommuneplan til næringsføremål. Næringsområdet er større enn eksisterande planert areal og bygg på tomte, og for å kunne utvide og til rette legge for ny produksjon er det behov for å utarbeide reguleringsplan for området. Målsetnaden er å regulere areal til næringsføremål som gir rom for nye produksjonslokale.


Anlegget vil verta bygd som resirkuleringsanlegg (RAS- anlegg) der ca. 99% av produksjonsvatnet vert gjenbrukt. Dette inneber at vatnet vert høggradig reinsa i mekanisk og biologisk filter.



Figur 1. Syrtveit fiskeanlegg, dagens bygningsmasse.

1.2 Bokstav B) Planområdet

Planområdet er føreslege med bakgrunn i eigedomsgrenser knytt til gnr. 57/11, samt moglegheit for å justere og regulere vegtilkomst, samt allmenta si tilgjenge til elva. Ein har også teke med deler av Otra for å kunne regulere eksisterande utseppspunkt frå dagens fiskeanlegg. Planområdet inkluderer også nytt mogleg utseppspunkt på vestsida av elva som kan verte aktuelt som følgje av mogleg etablering av kraftverk. Forslag til planområde er relativt romsleg for å kunne gi rom for avklaringar og løyse uventa forhold i løpet av prosessen. Ein vil vurdere å redusere plangrensa i løpet av planprosessen til det som er naudsynt.



Figur 2 Forslag til plangrense synt med stipla linje.


Planlagt næringsføremål vil vera tilnærma likt som i gjeldande kommuneplan, men ein ønskjer samstundes å ha moglegheit til å vurdere noko utviding av næringsføremålet i nordleg retning. Planområdet gir opning for tilpassingar.

Forslag til planområde utgjer om lag 50 daa. Planen regulerer heile gnr. 57/11. Deler av gnr. 57/10 og 600/39 (Rv9) er inkludert i planområdet.

1.3 Bokstav C & D) Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak, samt utbyggingsvolum og byggehøgder

Planframlegget vil legge til rette for å etablere næringsareal på eigna planeringshøgde, tilnærma likt som dagens næringsområde (kote ca. 189). Dagens bygning er på det høgaste ca. 9 meter høg og forventa byggehøgde for nye produksjonshallar vil vera om lag 12 meter høge. Næringsføremålet i gjeldande kommuneplan er om lag 17 daa stort. Det er lagt opp til ei utnyttingsgrad på opp mot 70 % for delar av næringsområdet.

Det langsiktige arealbehovet er større enn eksisterande planert næringsareal, og ein vil legge opp til inngrep i tilgrensande areal. Planlagt utviding av næringsareal vil i hovudsak vera i retning nord og aust. Det er ikkje aktuelt med utfylling i elva.



Figur 3 Situasjonsplan som viser mogleg utbygging av området. Situasjonsplanen er meint som ein illustrasjon, og er ikkje bindande for arealbruken på området.

I dag er berre ein mindre del av Syrtveit fiskeanlegg synleg frå Rv9 og rasteplass nord for tomta. Det nye planlagde tiltaket vil vera meir synleg, sjå illustrasjonar under bokstav E og F under.

Det er utarbeidd ein situasjonsplan som vil verte lagt til grunn for planarbeidet. Det kan kome justeringar på denne undervegs i planprosessen.

Planområdet har tilkomst frå Riksveg 9 – Setesdalsvegen. Det er planlagt omlegging av tilkomstvegen til anlegget, sjå situasjonsplanen over. Kryssløysinga mot Riksvegen vil vera dimensjonert for trafikk med vogntog.

Ein vil i planarbeidet sjå på moglegheita for å regulere grøntareal som vil vera ope for allmenta. Forholdet til andre moglege tiltak og aktivitetar knytt til elva, t.d. kraftutbygging, rekreasjon og friluftsliv etc. vil verte omtalt i plandokumenta.

1.4 Bokstav E & F) Funksjonell og miljømessig kvalitet, samt tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap

Like nord for planområdet er turistattraksjonen Syrtveitsfossen og sør for planområdet er Troll Aktiv AS etablert med tilbod for ulike aktivitetar og overnatting. Troll Aktiv sitt område er tilrettelagt med administrasjon, kiosk, utleiehytter, klatre- og sykkelpark med meir.

Etablert næringsareal ligg på eit planert område tett på elva Otra. Det er vegtilkomst frå Riksveg 9, Setesdalsvegen, og GS-veg langs Riksvegen. Sør i planområdet er det etablert undergang under Rv9 frå Troll Aktiv AS sitt området og til elvekanten.

Landskapstilpassing

Planområdet er ein del av innlandsdalslandskap (Landskap NiN), som er skildra som ope dal-landskap under skoggrensa med bygde område. Elva Otra dominerer i området og det er typisk elvekant med fjell i dagen og knausar innanfor planområdet. Det er mindre utfylling i elvekanten langs dagens næringsområde. Dagens næringsområde ligg på ca. kote 189 og det er 6-7m høgdeforskjell opp til Rv9. Det høgaste punktet nord for dagens næringsområde er på ca. kote 201.

Planframlegget vil opne for inngrep utover eksisterande bygd næringsområde. Det er ønskeleg å utnytte eksisterande terreng for å avgrense innsyn frå areala ved Rv9 til det nye næringsarealet og det er ikkje aktuelt å fylle meir ut i elva enn dagens situasjon. Planframlegget vil omtala verknader knytt til massehandtering og massebalanse.

Det er utarbeidd 3D-illustrasjonar som viser planlagde tiltak sett frå ulike perspektiv.



Figur 4 Illustrasjon som viser mulig utnytting av området.



Figur 5 Illustrasjon som viser mulig utbygging av næringsområdet sett sørfrå.



Figur 6 Illustrasjon som viser mulig utbygging sett fra elvekanten ved den sørlege delen av rasteplassen nord for anlegget



Figur 7 Illustrasjon som viser mogleg utbygging av næringsområdet. Perspektiv sett frå vestsida av elva mot nordaust.




Figur 8 Illustrasjon som viser mogleg utbygging av næringsområdet sett frå terrenget aust og over planområdet.

Naturmangfald

Planområdet grenser i nord til naturtype Syrtveit-Moseid (ID: BN00006902) som er knytt til eit lite strykområde ved Syrtveitsfossen. Naturtypen er definert som «ikkje forureina restområde» med verdi viktig (B). I elva eit stykke sør for anlegget, og utanfor føreslått planområde, er dei to naturtypane open flomfastmark (middels verdi) og flomskogsmark (stor verdi) registrert. Sør for planområdet er artane gråsisik, gråtrost, svartbak, og musvåk observert, samt sandsvale og fiskeørn. Det er ingen registreringar av naturvernområde, prioriterte artar eller utvalde naturtypar med særskilt vern etter naturmangfaldlova innanfor eller i nærleiken av planområdet. Byglandsbleke er ei relik (ikkje-anadrom) stamme av laks som berre eksisterer i Otravassdraget.

Otra er ein del av vassførekomsten Otra – Byglandsfjord til Breidflå med moderat økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand (vann-nett, oktober 2024). Geologisk er arealet definert som morenemateriale som er usamanhengande eller med tynt dekke over berggrunn.

Det er gjennomført kartlegging og konsekvensutgreiing av naturmangfald på land i planområdet. Konsekvensutgreiinga konkluderer på følgjande måte når det gjeld verdi, påverknad og konsekvens:



Delområde	Verdi	Beskrivelse påvirkning	Påvirkning	Konsekvensgrad
1 Syrtveit-Moseid	Middels	Ingen arealbeslag eller merkbar endring i vannføring. Ingen utslipp.	Ubetydelig endring	Ubetydelig miljøskade (0)
2 Otra (naturtype)	Middels	Blir ikke berørt av utbygging	Ubetydelig endring	Ubetydelig miljøskade (0)
2 Otra	Svært stor	Ingen arealbeslag eller merkbar endring i vannføring.	Ubetydelig endring	Ubetydelig miljøskade (0)
3 Influensområde	Stor	Arealbeslag og relativt lang restaureringstid, men lite område .	Noe forringet	Noe miljøskade (-)

Vurderinger	Delområde	Utvidelse Syrtveit næringsområde
Konsekvens for delområder	1 Syrtveit-Moseid	Ubetydelig miljøskade (0)
	2 Otra	Ubetydelig miljøskade (0)
	3 Influensområde	Noe miljøskade (-)
Avveininger	Begrunnelse for vektlegging	Det blir ikke vektlagt noen områder.
Samlet konsekvens	Samlet konsekvens	Noe negativ konsekvens
	Begrunnelse	Samlet konsekvens vurderes som noe negativ. Tiltaket medfører varig arealbeslag i områder med sensitive arter og påvirkning på relikv lakse.

Figur 9 vurderingar i eksisterande konsekvensutgreiing for naturmangfald for området.

Det skal vurderast om føreliggande konsekvensutgreiing for naturmangfald på land skal oppdaterast.

Når det gjeld elva og vassførekomsten er det utarbeidd eit notat med vurdering av utslipp og resipientforhold ved Syrtveit. I samband med nytt planarbeid vil vassmiljø og naturmangfald i vatn verte utgreidd som eige KU-tema.

Elvekant og turisme/friluftsliv

Den sørlege delen av planområdet blir brukt som tilkomst til elva og elvebreidda av ulike interessegrupper. TrollAktiv bruker området som tilkomst til elva og utsett og ilandføring mellom anna av raftingflåtar. Området er også brukt av den lokale rideklubben, lokalbefolkning og turistar til bading.

Planframlegget vil ikkje hindre eller skape barrierar for Troll aktiv sine aktivitetar, eller for andre grupper som bruker området. Planframlegget vil leggje opp til ei vidareføring av dagens situasjon for området lengst sør i planområdet, der dei ulike brukargruppene og ålmenta framleis vil ha høve til å bruke områda både på land og i elva.

Det er allereie etablert eit fiskeanlegg inne på næringsområdet i dag. Ein vil planleggje for ein skjerm/barriere mellom næringsområdet og elva. Det er i dag allmenn tilkomst ned til elva sør og nord i planområdet. Elvekanten ved dagens næringsområde består av fylling og større steinar, og er mindre tilgjengeleg. Området har historisk sett vore tilgjengeleg for ålmenta, og det har vore praksis at områda ved elvebreidda har blitt brukt mellom anna av Troll Aktiv, til rafting. Tiltakshavar ser ikkje at det kan vera noko til hinder for at Troll Aktiv kan fortsette med sine aktivitetar i elva også etter at nytt anlegg er etablert. Tvert imot vil tiltakshavar kunne akseptere at Troll Aktiv har ein tilkomst mellom elva og anlegget dersom andre instansar og myndigheiter tillet dette.

Vassinntak og utslepp

Syrteveit fiskeanlegg har løyve til uttak av vatn ovanfor planområdet og utslepp sørvest for fiskeanlegget (ved holme i elva). Eksisterande infrastruktur knytt til vassinntak og utslepp er i utgangspunktet planlagt vidareført som i dag. Planframlegget vil såleis ikkje endre vassføringa i elva utover dagens situasjon og dei rettane som er gitt til eksisterande drift. Ein er kjent med at Å Energi jobbar med planar for etablering av nytt kraftverk nordvest for planområdet. Det kan vera aktuelt å flytte utsleppspunktet frå anlegget nedstraums kraftverket for å sikre optimalt utslippspunkt. På bakgrunn av dette inkluderer det føreslåtte planområdet eitt aktuelt utsleppspunkt langs vestsida av elva.

I samband med søknad om produksjonskonsesjon for settefisk og stamfisk er det søkt Statsforvaltaren om utsleppsløyve frå anlegget. Mattilsynet har gitt samtykke til etableringa under føresetnad av at avløpet frå anlegget vert desinfisert og at det berre vert oppdrett av bleke i anlegget.

1.5 Bokstav G) Forholdet til kommuneplan etc.


I gjeldande kommuneplan (2020-2030) er planområdet sett av til næring og LNF-areal på land, samt bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i elva. Det er i tillegg faresone flaum på store deler av planområdet. Planområdet grenser i nord til omsynssone bevaring naturmiljø (H560). Området er ikkje tidlegare regulert.



Figur 10 Gjeldande kommuneplan. Lys lilla = næringsføremål, mørk lilla = Fritid- og turistføremål, grøn = LNF-føremål.

Det er meldt oppstart av eit planarbeid knytt til Troll Aktiv AS sitt område, sjå utsnitt til høgre. Hovudføremålet med dette planarbeidet er å vidareutvikle Troll Aktiv som aktivitetssenter.

Ein er kjent med at deler av planområdet til Troll Aktiv overlappar med dette planinitiativet sitt planområde. Bakgrunnen for Troll Aktiv si plangrense mot elva er å kunne regulere areal som vert nytta til utsetting og ilandføring av raftingbåtar. Ein har likevel valt å la plangrensa følgje eigen eigedomsgrense på denne delen av tomta.



1.6 Bokstav H) Vesentlege interesser

Vurderingar av verknader av planforslaget vil verta sett opp mot referansesituasjonen; Dagens planstatus (næringsføremål og LNF-føremål) og eksisterande bruk av området, dvs. eksisterande næringsområde, elv og naturområde.

Skildring av interesser i området

Tema	Moglege verknader
Naturmangfald	Sjå kapitel 1.4 Naturmangfaldslova §§8-12, <i>miljørettslege prinsipp</i> , skal vurderast som del av planarbeidet.
Landskap	Sjå kapitel 1.4. Verknader for landskap skal vurderast i planframlegget.
Nærmiljø, friluftsliv, turisme	Sjå kapitel 1.4. Verknader for nærmiljø, friluftsliv og turisme skal vurderast i planframlegget
Kulturminne Kulturmiljø	I den sørlege delen av planområdet ligg Bjelkebakken, som er eit fløytingsanlegg for tømmer. Dette er datert til 1900-tallet, og er ikkje freda. Det er ingen registrerte verna bygningar eller SEFRAK-registrert bygg innanfor planområdet.
Naturressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark i det aktuelle området. Området består av planert næringsområde, grunnlendt, open fastmark med lite vegetasjon, samt areal klassifisert som skog i Ar5 (barskog av middels bonitet). Det er ikkje registrert grus- eller pukkførekomstar innanfor planområdet.
Samferdsel og teknisk infrastruktur	Rv9 går forbi planområdet med fartsgrense 80 km/t. Det er registrert ulukke nær eksisterande avkøyring i 2000 (einsleg køyretøy køyrte utanfor på venstre side på rett vegstrekning), samt eit par ulukke nord for avkøyringa (1998 og 2013), samt ei sør for avkøyringa (2014). Sjå kapitel 1.4 for vassinntak og utslepp. Det går ei høgspenning (22kV) nord i planområdet. Det vil settast av faresone på 7,5 meter på kvar side av denne linja, der det vert byggeforbod for bygningar. Eksisterande kryssløysing frå riksvegen til næringsområdet vil verta utvida, for å vera tilstrekkeleg dimensjonert for vogntog. Tilkomstvegen til anlegget er planlagt lagt litt om. Det utvida næringsområdet vil medføre meir trafikk på tilkomstvegen.
Samfunnsverknad Sosial infrastruktur	Akvakulturnæringa er viktig for sysselsetting og verdiskaping, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Førebels plan for produksjonen på næringsområdet er knytt til 1.000 tonn laks/aure, som gir forventta 15-20 arbeidsplassar. Planframlegget vil legge til rette for å ta i bruk eksisterande næringsareal til fiskeproduksjon. Vidare vil reguleringsplanen gi grunnlag for å kunne ta opp igjen kultiveringsproduksjon av Bleke om det vert naudsynt Samfunnsverknadar knytt til samfunnsøkonomisk og sosial berekraft av planframlegget skal synleggjerast.

1.7 Bokstav I) Samfunnstryggleik, ROS

Det skal gjennomførast ROS-analyse som del av planarbeidet, inkl. vurderingar kring beredskap og ulukkerisiko. I følgje NVE Atlas er ikkje planområdet utsett for skredfare (steinsprang, snøskred eller lausmasseskred). Det er utarbeidd flaumkartlegging for Otra, og denne vil bli lagt til grunn i planarbeidet. Det skal gjennomførast vurderingar knytt til flaumsikring som del av planarbeidet.

Ein vurderer at sentrale tema i analysen vil vera flaum, forureining, trafikktryggleik og oppdrettsrelaterte forhold. Det er ikkje planlagt nye kartleggingar for å gjennomføre ROS-analysen.

1.8 Bokstav J) Kva offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved oppstart

Dei vanlege instansane som skal varslast i samband med oppstart:

- Statsforvaltaren, Fylkeskommune, Statens vegvesen, NVE, Mattilsynet mfl.
- Grunneigarar på tilgrensande eigedommar
- Eksisterande verksemder i nærområdet, m.a. Troll Aktiv AS

1.9 Bokstav K) Prosessar for samarbeid og medverknad

I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad i plan- og bygningslova.

Det er ønskeleg å ha tett dialog med kommunen og andre offentlege aktørar undervegs i planarbeidet for å avklare problemstillingar og løysingar. Det er særleg aktuelt med direkte dialog med Statsforvaltaren i Agder.

Ein vil som minstekrav halde seg til pbl. sine krav til medverknad, kunngjeringar og høyringar, men det kan vera aktuelt å kalle inn naboar og andre interessentar til informasjonsmøte i løpet av planprosessen. Det er allereie gjennomført informasjonsmøte i samband med førre planprosess, og ein vil vurdere behovet for nytt informasjonsmøte dersom planframlegget vil avvike vesentleg frå det førre.

1.10 Bokstav L) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl. gir at ein i planinitiativet skal vurdere om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivaretatt. Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuinga av planar og tiltak, og når det vert teke stilling til om, og på kva vilkår, planar eller tiltak kan gjennomførast.

Forskrift om konsekvensutgreiing § 4 gir at forslagsstillaren skal vurdere om planen vert omfatta av § 6, § 7 eller § 8.

- §6: Planen fell ikkje inn under § 6; planar og tiltak som alltid skal ha planprogram eller melding og konsekvensutgreiing. Dette då planen ikkje vil omfatte tiltak i vedlegg I, eller følgeleg tiltak i vedlegg I som vert handsama etter andre lover enn pbl.
- §7: Planen fell ikkje inn under § 7, planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding. Planen inneheld ikkje tiltak i vedlegg II som vert handsama etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringsloven, eller skal vedtakast av eit departement.
- §§ 8 og 10: Planframlegget fell inn under § 8 a); reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei får vesentlege verknadar for miljø og samfunn (vurdering etter §10), men ikkje ha planprogram eller melding. Relevante tiltak i vedlegg II er punkt 1 bokstav f) akvakulturanlegg og punkt 11 bokstav j) næringsbygg. I tabellen under er vurderingane våre etter kriterium i § 10 sett opp.

Kriterium § 10	Vurdering
<i>Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:</i>	
a) størrelse, planområde og utforming	Planområdet er om lag 50 daa. Om lag 17 daa av området er i kommuneplanen synt til næringsføremål. Resterande landareal er i kommune-

	planen avsett til LNF-areal. Tiltaka planen opnar for vil i hovudsak halde seg til kommuneplanen sin arealdel, sjølv om ein vil i mindre grad kome inn i LNF-område.
<i>b) bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser</i>	Det er ingen særskilte naturressursar innanfor planområdet. Produksjonen som her er planlagt må ha tilgang til ferskvatn og utslepp til god resipient. NVE har gitt konsesjonsfritak for produksjonen.
<i>c) avfallsproduksjon og utslipp</i>	Det vil ikkje vera avfallsproduksjon innanfor planområdet. Området vil bli nytta til landbasert akvakultur, og dette krev konsesjon og utslepps-løyve. Det vil bli søkt om og ev. gitt av Statsforvaltaren som ein del av konsesjonen for produksjon.
<i>d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer</i>	Nye bygningar og anlegg skal prosjekterast etter TEK17 og NS 9416. Bygningsmasse skal plasserast over flaumfare for 200-årsflaum. Flaumsikringstiltak skal innarbeidast i planen. Det skal gjennomførast ROS-analyse i planarbeidet.
<i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:</i>	
<i>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</i>	Planområdet overlappar med Otravassdraget, som er ei viktig lakseelv. Byglandsbleke er ein relik (ikkje-anadrom) stamme av laks som berre eksisterer i Otravassdraget.
<i>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>	Ikkje i konflikt med noverande kjente registreringar.
<i>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</i>	Ikkje i konflikt. Gjenbruk av eksisterande næringsområde.
<i>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet</i>	Ikkje i konflikt. Tiltaka planen opnar for vil i hovudsak halde seg til kommuneplanen sin arealdel. Mindre omdisponering av LNF-areal.
<i>e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet</i>	Otra er ein del av vassførekosten Otra – Byglandsfjord til Breidflå med moderat økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand (vann-nett, oktober 2024).

	For alle naturlege overflatevassførekomstar er standard miljømålet god eller svært god økologisk tilstand, og god kjemisk tilstand.
<i>f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning</i>	Vert omtala i søknad om produksjonskonsesjon. Forureining vil også verte tema i konsekvensutgreiing om vassmiljø.
<i>g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp</i>	Vert omtala i søknad om produksjonskonsesjon. Forureining vil også verte tema i konsekvensutgreiing om vassmiljø.
<i>h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom</i>	Området er flaumutsett, og nyleg gjennomført flaumkartlegging skal leggjast til grunn i planframlegget.

Det skal i plansaker avklarast om området er eigna til ønska arealbruk. Planen har i utgangspunktet ikkje eigenskapar som kjem i vesentleg konflikt med vurderingskriteriene som er lista opp i KU-forskrifta § 10 andre ledd (bokstavane a) – d) over. Når det gjeld lokalisering og påverknad på omgjevnadane kan planframlegget ha vesentleg verknad for laksevassdraget Otra, på grunn av utsleppet frå anlegget, samt fare for spreiiing av sjukdom, og fare for rømming frå anlegget. Dette er forhold som vanlegvis har blitt handtert i samband med konsesjonssøknad, og ikkje i plansak. Verknaden vil i stor grad vera avhengig av teknologiske løysingar og produksjonsmengd, og detaljar kring dette vert vurdert av sektormynde der det i tilfellet vert løyve gitt med evt. vilkår. På bakgrunn av Statsforvaltaren i Agder si vurdering av planarbeidet ihht konsekvensutredningsforskriften (jf. vurderingane i brev datert 29.08.2024, med referanse 2024/3105) vert det no konkludert med at planarbeidet skal konsekvensutgreiast, jf. pbl. § 4-2, jf. konsekvensutredningsforskriften § 8, jf. § 10.

I det følgjande er det gjort ei enkel vurdering av kva KU-tema frå rettleiar M-1941 frå Miljødirektoratet (Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø) som er aktuelle for konsekvensutgreiinga. Vurderinga er gjort på bakgrunn av kapitla i rettleiar M-1941 som omtalar rettleiing til å vurdere om dei ulike temaa er relevante å konsekvensutgreie.

KU-tema i rettleiar M-1941	Vurdering	Konklusjon
Naturmangfald	Det er allereie gjennomført konsekvensutgreiing for tema naturmangfald. Det kan vera behov for oppdatering av denne konsekvensutgreiinga.	Utført, men det skal vurderast om denne må oppdaterast.
Vassmiljø og naturmangfald i vatn	Statsforvaltaren i Agder stiller krav om utgreiing av konsekvensar som fiskeproduksjonen på land vil kunne ha for arts- og bestandsinteressene i området, samt konsekvensar av nærings saltutslipp, fare for spreiiing av sjukdomar og fare for rømming.	Skal utgreiast. Innhaldet i utgreiinga skal avklarast i samarbeid med Statsforvaltaren i Agder
Friluftsliv	Nærområda til anlegget vert i stor grad nytta til friluftslivaktivitetar, som til dømes rafting. Det er ikkje kjent at aktiviteten til anlegget, verken på land eller i elva vil vera i direkte konflikt med desse aktivitetane. Det er likevel vurdert at friluftsliv kan inngå som KU-tema på grunn av at nærområda har stor verdi for friluftsliv.	Skal utgreiast
Verdensarv	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt

Landskap	Det er planlagt for ny utbygging og terrenginngrep i område som ikkje er bygd ut i dag. Ei utbygging i tråd med planforslaget og tilhøyrande situasjonsplan vil vise godt igjen i landskapet. På bakgrunn av dette er det vurdert at landskap kan inngå som KU-tema.	Skal utgreiast
Klimagassutslepp	Det er ikkje vurdert at planframlegget vil føre til ein auke i klimagassutslepp på over 2000 tonn CO ₂ -ekvivalentar, ihht sjekkpunkta som er lista opp i rettleiaren for dette temaet (utbygging på karbonrike areal, utbygging som gir auka transport, som arbeidsplassintensive arbeidsplassar, utsleppsintensiv industri eller store utslpp frå materialbruk og anleggsarbeid).	Ikkje aktuelt
Støy	Det er ikkje vurdert at støy er eit aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt for støyfølsom bebyggelse eller støyande anlegg som omtalt i T-1442.	Ikkje aktuelt
Luftforureining	Det er ikkje vurdert at luftforureining er aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt utbygging i område med luftforureining, og det er heller ikkje planlagt utbygging som vil medføre auka luftforureining, jf. rettleiar M-1941.	Ikkje aktuelt
Forureina grunn	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn i plan-området. Eventuell opprydding av forureina grunn er som oftast dekkja av forureiningsforskrifta kapittel 2, og vert handtert i samband med byggesaka. Det er sjeldan at forureininga er så krevjande at forureina grunn skal konsekvensutgreiast i planfasen, ihht rettleiar M-1941.	Ikkje aktuelt
Kulturmiljø	Det er ikkje grunn til å tru at planen kan få vesentlege verknader for kulturminne eller kulturmiljø. På bakgrunn av dette er det vurdert at kulturmiljø ikkje er utgreiingstema.	Ikkje aktuelt

På bakgrunn av vurderingane i tabellen er det vurdert at følgjande tema er relevante å konsekvensutgreie:

- Naturmangfald på land (allereie gjennomført)
- Vassmiljø og naturmangfald i vatn
- Landskap
- Friluftsliv

Det er i tillegg vurdert at næringsliv er eit relevant tema i konsekvensutgreiinga. Temaet vil inkludere både konsekvensar knytt til planlagt aktivitet i planområdet, og konsekvensar for til dømes turistnæringa i området.